



Tysseland Arkitektur AS
Strandgt. 50
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/313 - 14/1090

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
29.01.2014

Søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav reguleringsplan for Mjåtveitmarka, gnr. 22, bnr. 102.

Administrativt vedtak. Saknr:

Saksutgreiing:

Meland kommune har i brev stempla motteke 27.12.2013, søkt om dispensasjon frå krav om rekkefølge knytt til reguleringsplan for Mjåtveitmarka. Søknaden er grunngjeven med at Nærmiljøanlegg F5 er forseinka i høve til planlagt framdrift på grunn av grunntilhøve og no også konkurs i Walde. Søkjar opplyser at det er opparbeid leikeplass på B28. leikeplassen er ferdig grusa og det er sett opp leikeapparat.

Vurdering:

Same type søknad har vore fremja, handsama og godkjent tidlegare under gjennomføring av dette planområdet. Søknaden gjeld utsetting av og ikkje fritak frå kravet om ferdigstilling av nærleikeområde, nemnd som F5 i plandokumenta.

Meland kommune har i skriv, dagsett 03.1.2013, frå Waldegruppen fått eit oversyn om arbeid som står att. Etter konkursen i Walde har dette arbeidet stoppa opp. Kommunen ser at den grove opparbeidinga nærmar seg slutten og gjev rom for at bustaden kan takast i bruk før område F5 er fullt ut opparbeida. Tiltakshavar har i tillegg opparbeid leikeplass i nærområdet.

Vedtak

«Meland kommune viser til søknad, stempla motteke 27.12.2013, om dispensasjon frå krav om rekkefølge frå reguleringsplan for Mjåtveitmarka. Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels.
2. Det vert ikkje gjeve ferdigattest før nærmiljøanlegg F 5 er ferdig opparbeid.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-3.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.»

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:

Fredrik Seliussen

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Strandgt. 50

5004

BERGEN